

Referat 14.10.2020

ONSDAG 14.10.20 KL. 19.15 – 20.00 I BIBLIOTEKET (Landskap I), HYSTAD SKULE

Til stades: Svenn Kåre Liodden, Ingvild Grov Skulstad, Trond Hystad, Ingebjørg Grøsvik, Marte Drange Haugland, Line Hystad, Guro Lund, Pål Helland (ingen frå elevråd)

SAKER TIL SKULEMILJØUTVALET:

01/20 - 21: ORIENTERING

Rektor oreinterer om samansetjing av Skulemiljøutvalet og deira oppgåver. Samarbeidsutvalet fungerer som Skulemiljøutval. SU vert då utvida med 2 foreldre og 2 elevar (skal veljast av elevråd).

Opplæringslova:

§ 11-1a. Skulemiljøutval ved grunnskolar

Ved kvar grunnskole skal det vere eit skulemiljøutval. I skulemiljøutvalet skal elevane, foreldrerådet, dei tilsette, skoleleiinga og kommunen vere representerte. Skulemiljøutvalet skal vere sett saman slik at representantane for elevane og foreldra til saman er i fleirtal.

Samarbeidsutvalet kan sjølv vere skulemiljøutval. Når samarbeidsutvalet fungerer som skulemiljøutval, må det oppnemnast tilleggsrepresentantar for elevane og foreldra, slik at dei samla får fleirtal.

Elevrepresentantane skal ikkje vere til stades når saker som er omfatta av lovfesta teieplikt blir behandla i skulemiljøutvalet. Når elevane ikkje er til stades, skal foreldrerepresentantane ha dobbeltstemme tilsvarende bortfallet av elevrepresentantane sine stemmer, eller talet på foreldrerepresentantar aukast tilsvarende.

Skulemiljøutvalet skal medverke til at skolen, dei tilsette, elevane og foreldra tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skulemiljø. Skulemiljøutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulemiljøet, jf. kapittel 9a.

Kapittel 9a. Elevane sitt skulemiljø

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skulemiljo/>

02/20 - 21: SATSINGSOMRÅDE 2020 – 2021

Eit inkluderande barnehage-, skule- og SFO-miljø. (2017-2022)
Rektor orienterer

Elevane sitt psykososiale miljø – Hystad skule

- Fleire aktivitetstilbod i friminutta/midttimen
- Lærarane er aktivitetsleiarar i friminutta på ymse område
- Faste turneringar
- TL-programmet
- Andre trivselstiltak for elevane
- Trivselestiltak i kollegiet
- Tema på foreldremøta: **Innspel frå FAU om kva tema som bør vera fokus på dei ulike trinna?**
- Felles sosiale mål for heile skulen
- Trivselstiltak under «Gult nivå» etter trafikklysmodellen (smittevernsnivå)

Foreldra si rolle: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/mobbing/>

03/20 - 21:

VAL

- Leiar: **Trond Hystad**
- Nestleiar: **Ingebjørg Grøsvik**

04/20 - 21:

YMSE

Tiltak i Skulemiljøutvalet? Tema på foreldremøte om §9a og BTI.

Tilskuddsportalen, bruka denne til å søka midlar til skulemiljøet ute.

Pål Helland (s)

Rektor